



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

Alver kommune v/ økonomisjef

Knarvik, 18. september 2019

Alver kyrkjelege fellesnemnd – meir informasjon om investeringar i 2020

Vi viser til søknad om driftstilskot og tilskot til investeringar som blei sendt kommunen 13. september. I søknaden har vi lista opp nokre konkrete behov, men ikkje gitt detaljar. Her følgjer meir informasjon.

Lindås kyrkje – skifte av skifertak: kr 1.250.000

Desse taka har hatt fleire lekkasjar i dei seinare åra, og store deler av skiferen er av såpass dårlig kvalitet at det er sannsynleg at det meste må skiftast ut. Sist vinter førte ein lekkasje til at det trengte vatn inn i det elektriske anlegget.

Det er aktuelt å oppgradere takkonstruksjonen på dei to sakristia. Vi har ikkje fleire reserve-skifer igjen, og det vil vere aktuelt å kjøpe alt nytt. Det er mogeleg at tidlegare lekkasjar har ført til skader i bærande konstruksjonar. Det er også trond for å gå over det elektriske anlegget i dei to sakristia.

Pris er gitt av Byggmeister Bjørn Rønhovde, som har gjort fleire reparasjonar og utskiftingar på kyrkjene i Lindås i dei seinare åra. Han har spesialkompetanse på eldre bygg.

Meland kyrkje. Oppussing av tilbygget til kyrkja – totalrenovering: kr 2.400.000

Tilbygget til Meland kyrkje har ein svært intensiv bruk, ikkje minst på søndagar, sidan Meland berre har ei kyrkje og mykje aktivitet rundt gudstenestene. Tilbygget frå ca 1970 er svært nedslite innvendig, ikkje tenleg for bruken og hygienisk uforsvarleg. Sanitæranlegg, planløysing og overflater treng totalrenovering. Kostnad er berekna av Haakon Anderssen, prosjektleder Meland kommune.

Manger kyrkje- Universell utforming: kr 980.000.

Det er trond for betre universell utforming av Manger kyrkje. På nye bygg er det eit krav at rørslehemma skal kunna nyta same inngangen som andre. Dei utvendige rampane skal gje trinnfri adkomst for rørslehemma i tillegg til at dei skal lette arbeidet for gravferdsbyråa.

Prosjektet er godkjent av biskop og riksantikvar. Kyrkja har søkt Radøy kommune om godkjenning av bygesaka men må sette saka i bero i påvente av at finansieringa vert avklåra.

For Manger kyrkje er innhenta pris for riving, grunn- og betongarbeid.

Side 1

Adresse:

Lonsvegen 1
5914 ISDALSTØ

e-postadresse:

Telefon: 5637 5920

Org.nr:

Bank: 1503.22.73138

Manger- navna minnelund: kr 400.000

Kostnad til navna minnelund er rekna til ca. kr. 500 000 basert på Bergen kyrkjelege fellesråd sine erfaringar. Kostnaden for ein minnelund kan variere mykje ut frå kva løysingar ein vel.

Arbeid med grunnen er ferdigstilt. Det er tatt grøfter, sortert ut stein, planert og sådd. Restkostnad vil vera ca. kr . 400 000 basert på Bergen sine erfaringar.

Med venleg helsing

John Fredrik Wallace

Kyrkjeverje for Alver